

Kulturarbeite

Ål i Hallingdal







Me er stolte av å presentere ei samla oversikt over mangfaldet av kulturskattar i Ål.


Kulturhistoria til bygda vår er levande og mangfaldig, nett som ei kulturreng. No inviterer me deg ut på eit kortreist kulturbeite. Du kan velje det du likar og kjenner frå før, eller du kan våga deg på å oppsøke nye stader.

Gjennom heile året er det høve til å vera med på ei kulturvandring med kunnskapsrike, lokale kjentfolk. Viss du ynskjer å ta del i kulturvandring i Ål sentrum (Sundre), kontakt Ål Turistinformasjon. Ynskjer du å vite meir om dei ulike kulturskattane, informasjon om prisar, opningstider og omvisning – sjå www.al.no.

Kulturminnelova slår fast at alle spor etter menneskeleg verksemd i våre fysiske miljø er å rekne som eit kulturminne. Kulturminner vert levande når me kjenner forteljingane, historia og minna knytt til den konkrete tingen.

Riktig gode opplevingar ynskjer me dykk!

Helsing
Ål kommune og Ål Utvikling AS
Juli 2014








Torpo stavkyrkje

Torpo stavkyrkje (1192) er den eldste bygningen i Hallingdal. Ein gong i tida fantes det sju stavkyrkjer i dalen; dette er den aller første og den einaste originale. Kyrkja er vigd til St. Margareta og historia om lagnaden hennar prydar baldakinen. Desse måleria er noko av den mest verdifulle kunsten me har frå mellomalderen i Noreg. Koret vart rivi i 1880, då kjøpte Fortidsminneforeninga resten av kyrkja for kr. 280,-. Legg òg merke til den gamle kyrkjestugu.

Torpovegen 517, tlf. 57 67 88 40, www.stavechurch.com/torpo





Ål kyrkje

Midt i sentrum blant bjørk og rogn ragar Ål kyrkje (1880). Her kan du oppleve unike kunstverk som går heilt attende til åra rundt 1160, då Ål stavkyrkje vart bygd. Legg spesielt merke til kortaket med sine fantastiske måleri inspirert av bibelhistoria. Dette er ein kopi av taket i stavkyrkja

frå om lag år 1250. Den rikt utsmykka preikestolen (1703) og den staselege altertavla (1702) er begge opphavleg frå stavkyrkja. Viss du har høve, få med deg folkemusikk gudsteneste i Ål kyrkje.

**Sundreveggen 66, tlf. 32 08 61 61,
www.aal.kyrkja.no**





Ål Stavkyrkjemuseum

Ål stavkyrkje vart bygd sist på 1100-talet og vart riven i 1880. Den var rikt dekorert, og museet har bevarte plankar som syner fleire typar dekor. Perla i museet er ein kopi av den vidgjetne vestportalen. I museet finn du òg ei rekke originale

utskjeringar og mykje historisk informasjon. Like ved Stavkyrkjemuseet kan ein sjå stavkyrkjetufta og Ål kyrkje.

**Gartnarvegen 5, Prestegardslåven,
tlf. 32 08 10 60, www.al.no**




Ål Bygdemuseum

Det er spanande å tenkje på at Ål Bygdemuseum har sprunge fram rundt eit tun frå 1600-talet. Her får du innblikk i gammalt gardsliv; med hallingstugu og loft, husmannsplass og støl. Det gir ei eiga ro å vandre mellom dei brunbarka tømmerhusa og reflektere rundt vår nære historie. I alt står det 30 unike

bygningar på museet. Settinggardstugu (1607) og Holtoloftet (1673) overraskar med innvendig rosemåling. Her finn du òg den gamle Tingstugu for Ål og Hol (1671–1738).

Øvre-Ålsvegen 43, Leksvol,
tlf. 32 07 14 85,
www.hallingdal-museum.no



Ål kulturhus

Ål kulturhus vart opna i 1992 og er eit regionalt kulturhus for heile Hallingdal. I tillegg til galleri og museum har huset amfisalar for kino, konsertar, teater, dans, seminar og konferansar. Ål bibliotek, Ål kulturskule og Ål turistinformasjon har òg tilhald i kulturhuset.

Myren 40, Sundre, tlf. 32 08 51 00, www.aal.kulturhus.no





Hallingrosa

Opplev rosemålkunst i verdensklasse, med særleg vekt på hallingrosa. Utstillinga tek utgangspunkt i den kunsthistoriske utviklinga frå slutten av 1700-talet og fram til nyare rosemåling. Hallingdal har fostra fleire store rosemålarar og utstillinga inneheld mellom anna gjenstandar av Herbrand Sata, Nils Bæra og Embrik Bæra. Alle med røter i Ål.

Galleri Syningen

Galleri Syningen viser om lag 10 ulike utstillingar årleg. Her kan du sjå arbeid av både amatørar og profesjonelle kunstnarar. Opplev kunstformer som grafikk, måleri, smykke, foto, skulptur og tekstilkunst.



Nesch-portalen

Den dekorative portalen på nedsida av Ål kulturhus er laga av biletkunstnar Guttorm Guttormsgård. Han stod bak utsmykkinga av fasaden til Oslo Spektrum.

Dekoren på teglsteinsfasaden vart til ved at metallformer frå Rolf Nesch vart prega inn i teglsteinane. Steinane i Nesch-portalen er «restar» etter bygginga av Oslo Spektrum.



Nesch-museet

Kunstmuseet i kulturhuset opna i 1993 og er besøkt av kunstinteresserte frå store delar av Europa. Den tyskfødde grafikaren Rolf Nesch (1893–1975) budde 25 år i Ål. Nesch-museet er med sine 78 arbeid verdas største permanente, offentlege utstilling av Nesch sin kunst. Her kan du sjå både teikningar, grafikk, skulpturar og materialbilete. Rolf Nesch blir rekna som ein av Europas fremste og mest banebrytande grafikarar, med eit særprega kunstnarleg uttrykk.





Dette utvalet av kulturminner fortel delar av Ål si historie. Kulturminna er unike kjelder til kunnskap om byggetradisjonar og levesett. Utvalet av kulturminner synleggjer ein sterk landbrukstradisjon i Ål, og syner oss korleis folk har levd. Meir informasjon finn du ved kvart kulturminne og på www.al.no





Ål stavkyrkjetuft

Her kan du sjå tufta og dei gamle murane der Ål stavkyrkje sto, før den vart rivi i 1880. Ho vart bygd rundt år 1170. Med sine 18 stolpar var det den største kyrkja i Hallingdal og vart utvida og bygd om fleire gonger. Ho vart rekna som ein av dei mest interessante mellomalder-

bygningane i Noreg. Sjå òg Ål stavkyrkjemuseum og Ål kyrkje. Ved stavkyrkjetufta finn du informasjonstavle og ein minnesbauta over falne i krig.

**Sundrevegen 48, tlf. 32 08 10 60,
www.al.no**



Trettestølane & Nystølane



Desse stølane lengst inn på Liagardsåsen har alltid høyrst saman som eit stølslag. Ein reknar med at dei fyrste stølane vart bygd på 1500-talet. Rundt 1900 var det om lag 18 stølar i drift der, og i 2010 hadde framleis 12 stølar aktiv drift. Hamneskjønnet frå 1924 fortel at 302 storfe kunne beite i stølsameiga (17 km²), i tillegg til ein hest frå kvar gard. Nystølkyrkja (1896) høyrer til stølslaget.

Liagardsåsen, tlf. 32 08 10 60, www.al.no

Stampehølen

Stampehølen har namnet sitt etter vadmålsstampa i Votndalen. Stampa vart bygd mellom 1860–1880 av «Stamparen» Ole Larsson Holestøl. Bygdefolket fekk då ein stad dei kunne gjere ulltøyet om til vadmål, men også ein stad der dei kunne vaske klede og slipe ljåen sin. Sjølve stampa var i drift fram til tidlig på 1900-talet. Her kan du no sjå stampa, stampehuset, renner og vasshjul.

Nordbygdvegen 453, Votndalen, tlf. 32 08 10 60, www.al.no





Bogastelle & fangstgrop

Fangstgropa i Baklien vart brukt frå jernalderen og inn i mellomalderen til å fange storvilt. Gropa har ein kassefunksjon i botnen slik at dyret ikkje kunne komme seg opp att. Bogastellet er ein halvsirkel-forma mur av stein med hol i. Der sto veidaren med pil og boge og jakta, samtidig som han var gøymd. Bogastellet ligg ca. 40 meter bakanfor fangstgropa.

**Baklivegen ved Gullhagen,
tlf. 32 08 10 60, www.al.no**

Bruruinane ved Lya

Ruinane etter Lyabrua finn du på Torpo. Den vart sett opp på 1820-talet og knytte seg til den fyrste kjerrevegen i Hallingdal. Lyabrua hadde tre spenn og store elveforbyggingar, og var i dåtida eit storverk. Mot storflaumen i 1860 måtte brua likevel gje tapt. I dag er det restane etter brukara og elveforbyggingane som står att.

Torpovegen, tlf. 32 08 10 60, www.al.no



Leveld Kunstnartun & Bjørneboeloftet

Kunstnartunet er ein arbeidsplass for utøvande og spirande kunstnarar. Dei tilbyr òg stipendopphald. Kunstnartunet byggjer på Leveld si kulturhistorie. Frå 1930 og utover kom eit tjuetals kunstnarar til bygda for å arbeide, og dei vart ein del av bygdemiljøet. Forfattar og biletkunstnar Jens Bjørneboe kjøpte eit loft på 50-talet som han brukte til ferie- og arbeidsstad. Loftet måtte flyttast og er no ein del av kunstnartunet. Bjørneboeloftet er eit kultursmykke, ein skrivestad og eit tankeloft.

**Nordbygdvegen 1025, Leveld, tlf. 915 51 435,
www.kunstnartun.no**





” Det er en søt følelse å være eier av et renessanse-slott, bygget i grov, tyriduftende furu, og med fem tomme tykke gulvplanker.

Forrige sommer la mannskapet i Stabursberget fra Skredalen BRSP

STABURSBERGET





ÅL52 - vandreturar med historie

I Ål finn du meir enn 50 tilrette-
lagte vandreturar og på mange
av desse finn du eit kulturminne
langs stigen. Sjå turskildringar på
www.aal52.no. Dei fortel mellom
anna kva du kan sjå og skildrar
spennande historier frå gamal

tid på den enkelte tur. Turane
finn du i alle delar av Ål, og du
kan velje mellom alt frå krevjande
toppturar med panoramautsikt til
korte barnevennlege turar.

**Ål turistinformasjon,
tlf. 32 08 10 60, www.aal52.no**

Sundre torg

11. mars 1931 braut det ut
brann i den gamle Tingstugu
(1764). I alt brann seks store
bygg slik at heile kjerna av
Sundre (Ål sentrum) vart lagt i
oske. Etter gjenreisinga talte ein
i 1940 om lag 40 forretningar på
Sundre. Seks av husa på Sundre

i dag har særskild kulturhisto-
risk verdi; sjå blå emaljeskilt på
Tingstugu, Aal Pensjonat B&B,
Skeiestugu, Fjellheimhuset og
Ål stasjon (stasjonsbygninga og
lokstallen).

**For meir informasjon sjå
Ål Bygdesoge 11.**





Sangefjell naturkatedral

Den einaste friluftskyrkja i Tunsberg bispedøme (vigsla 2000). Her er himmelen taket og horisonten altertavla, og i murane rundt katedralen er det seks små kapellgrotter der ein kan tenne takke- og bønnelys.

Naturkatedralen (1.000 moh) er både ein stad for stille og meditasjon, friluftsgudstenester og eit fint turmål.

**Sangefjellvegen 103, Ål, tlf. 32 08 61 61,
www.naturkatedralen.no**

Ål bygdearkiv

Er du nysgjerrig på slekta di eller området der du har hus eller hytte? Bygdearkivet tek vare på Ål si historie. Her finn du m.a. amerikabrev, lagsbøker, flyfoto, biletsamlingar, gamle faner, lydbandopptak frå lokal sang- og musikktradisjon, infor-

masjon om lokal bunads- og teksiltradisjon og gamle Hallingdølar. Besøk dei i kjellaren på Tingstugu, eller sjå alt av tekst og bilete som er digitalisert og lagt ut på nettsida.

**Torget 1, tlf. 32 08 50 91,
www.aalbygdearkiv.no**

Attraksjonar

1. Torpo stavkyrkje
2. Ål kyrkje
3. Ål Stavkyrkjemuseum
4. Ål Bygdamuseum

Ål kulturhus

5. Hallingrosa
6. Galleri Syningen
7. Nesch-portalen
8. Nesch-museet

Skilte kulturminner

9. Ål stavkyrkjetuft
10. Tretttestølane & Nystølane
11. Stampehølen
12. Bogastelle & fangstgrop
13. Bruruinane ved Lya


Andre kulturvekster

14. Leveld Kunstnartun & Bjørnebolofet
15. Ål 52 – vandreurar med historie/Ål Turistinfo.
16. Sundre torg
17. Sangefjell naturkatedral
18. Ål bygdearkiv





ÅL SENTRUM




Til Leivd. Torpo og Oslø



ca 100 m





Å kjenne kulturarven sin
er å kjenne seg sjølv



www.aal.kommune.no
Tlf 32 08 50 00



www.al.no
Tlf 32 08 10 60



HALLINGDAL

